



Saksframlegg

«Sgr_Beskrivelse» «spg_beskrivelse»

Saksnr.	Utval	Møtedato
34/20	Formannskapet	11.05.2020

Detaljreguleringsplan for Åheim sentrum

Samandrag:

Reguleringsplan for Åheim sentrum med plankart, planomtale og føresegner ligg klart til handsaming for utlegging til offentlig høyring.

Formannskapet 11.05.2020:

Behandling:

Industriområde, foreslått av Ingebrigt Berget, Senterpartiet

Syner til kart med påteikning av industriområde underteikna Ingebrigt Berget.

Formannskapet ber klart om at det vert lagt inn industriområde på punkt 1, og bustad/tenesteyting på punkt 2.

Kommunalsjef teknisk sektor Terje Kolstad svarde på spørsmål og orienterte om planen.

Det vart halde gruppemøte.

Etter gruppemøtet la varaordførarar Ingebrigt Berget fram endringsframlegg; jfr. ovanfor.

Votering:

Rådmannen si tilråding m/endringsframlegg frå varaordførar Ingebrigt Berget vart samrøystes vedteke.

FO- 34/20 Vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningsloven § 12- 3

detaljregulering og § 12 -10 handsaming av reguleringsforslag, og legg detaljplan

for Åheim sentrum ut på 1. gongs offentlig høyring med følgjande merknad: Syner til kart med påteikning av industriområde underteikna Ingebrigt Berget.

Formannskapet ber klart om at det vert lagt inn industriområde på punkt 1, og bustad/tenesteyting på punkt 2.

Administrasjonen fastsett høyringsfristen på minst 6 veker frå kunngjering.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningsloven § 12- 3 detaljregulering og § 12 -10 handsaming av reguleringsforslag, og legg detaljplan for Åheim sentrum ut på 1. gongs offentleg høyring. Administrasjonen fastsett høyringsfristen på minst 6 veker frå kunngjering.

Vedlegg:

V1_Plankart_Åheim_sentrum_30.03.2020-A0
V2_Føresegner_Åheim_sentrum
V3_Planomtale_Åheim_sentrum
V4_Sjekkliste_ROS_Åheim_sentrum
V5_Vurdering_av_flaumfare_30.04.2020
V6_Vurdering_av_kvikkleireskred_30.04.2020
V7_Naturbase_faktaark_Aaheimselva
V8_Konsekvensutgreiing_for_bustadområde_BFK1-8
V9_Innspel_ved_varsel_om_oppstart

Saksopplysningar:

Formannskapet handsama i møte den 26.06.2018 – sak 90/2018. Følgjande vedtak vart fatta:

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12 – 8 vert starta opp detaljreguleringsarbeid for åheim sentrum

Ein bed om at området vert utvida noko, slik at ein får moglegheit til å ta i mot masse frå Stad skipstunnel og legge til rette for næringsområde.

Herøy kommune er plankonsulent for planen og står for utarbeidelse.

Hovudføremålet med planarbeidet er å sikre ein meir framtidretta infrastruktur for fylkesvegane på Åheim og då særleg der tre fylkesvegar møtast «skeivt» X-kryss då dette utgjer eit vesentleg faremoment ift. trafikktryggleik og tryggleik til mjuke trafikantar.

Sekundert skal planen leggje opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim iforhold til sentrumsbebyggelse, fritid og turisme samt meir bustadar.

For nærmare beskriving av planen vises det til vedlegg i saka.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen meiner planforslaget kan leggjast ut til 1. gongs høyring til offentlege instansar, grunneigarar og andre med høyringsfrist minst 6 veker frå kunngjering.

Rita Kvamme
Rådmann